

UU 29/19 Fastsetjing av undervisningsterminar 2020 - 2021

Saksnr.: 15/05234-6 **Saksansvarleg:** Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*
Møtedag: 16.10.2019 **Informasjonsansvarleg:** Veslemøy Hagen, *utdanningsdirektør*

Bakgrunn

Ifylgje universitets- og høgskulelova § 3.8 (1), skal studieåret vera ti månader, og styret skal fastsetja undervisningsterminane. Ved Universitetet i Stavanger har styret delegert dette myndet til utdanningsutvalet.

Utdanningsdirektøren si vurdering

Utdanningsdirektøren vil minna om at fastsetjing av dato for oppstart ikkje inneber eit pålegg om å starta ordinær undervisning frå same dato. Einingane kan sjølv planleggja ordinær undervisning og andre tiltak (t.d. mottaksveke) innføre dei fastsette undervisningsterminane.

Med utgangspunkt i praksis tidlegare år fremjar utdanningsdirektøren fylgjande:

Framlegg til vedtak:

a) Utdanningsutvalet fastset fylgjande undervisningsterminar for studieåret 2020 - 2021:

2020 haustsemesteret: måndag 10. august - tysdag 22. desember.

2021 vårsemesteret: måndag 4. januar - fredag 25. juni.

All undervisning og eksamen/prøve (jf. eksamensforskrifta) skal haldast innføre dette tidsrommet. Ulike typar prøvar eller forkurs og liknande, som er naudsynte for å begynna på undervisninga, kan gjennomførast før semesterstart. Slike tiltak skal vera omtalte i fag- og studieplanar og dessutan vera tydeleg annonserte.

Eksamenar, prøvar, oppgåver med meir, som er avlagde eller innleverde i perioden mellom 1. august og 31. desember og mellom 1. januar og 31. juli kjem fram på karakterutskrift/vitnemål som avlagde eller innleverde høvesvis i haustterminen eller vårterminen.

b) Utdanningsutvalet rår rektor til å fastsetja dato for offisiell semesteropning til måndag 10. august 2020.

Stavanger, 7. oktober 2019

Veslemøy Hagen
utdanningsdirektør

Sakshandsaming: Eilef Johan Gard

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje handskriven signatur